



Foto: Jørgen Hundseth

 Balestrand kommune

# *Initiativ, skaparlyst, kreativitet!*

Velkommen til 10-års jubileum  
og entreprenørskapsmesse  
i Balestrand og Belehalli  
3. mai 2018

**UNGT  
ENTRE  
PRENØR  
SKAP**



SOGN REGIONRÅD

# Velkomen til entreprenørskapsmessa i Balestrand

Hjarteleg velkomen til vakre Balestrand den 3. mai og den tiande entreprenørskapsmessa i regi av Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap. Og det heile starta nettopp her i Balestrand der den første messa blei arrangert den 17. februar 2009.

Som vanleg blir alle åttande klassingane i Sogn inviterte til messa. I tillegg kjem elvebedrifter frå niande klasse som er kvalifiserte for den regionale finalen. Opplegget elles blir noko annleis enn tidlegare. Ein har nytta jubileet til å tenkja nytt. I staden for dei tradisjonelle bedriftsbesøka, set ein i år fokus på berekraftig utvikling og reiseliv. FN har definert berekraftig utvikling som «utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydeleggja for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov». For å skapa ei berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobba på tre område: **1. Miljø** – klimaendringane må stansast for å skapa berekraftig utvikling. **2. Økonomi** – me må skapa eit økonomisk system som minskar forskjellane mellom fattige og rike menneske. **3. Sosiale forhold** – folketalsauke skapar auka press på naturressursane

Balestrand er ein typisk reiselivskommune og det er naturen/landskapet, historia, kunstnarane og turismen som har gjort Balestrand kjent. Me lever av og med naturen og må sjølvsagt også tenkja på korleis me forvaltar og minskar presset på desse verdiane. Såleis har Balestrand saman med 8 andre kommunar i Sogn no starta opp eit prosjekt innanfor reiselivet som mellom anna skal:

- Sikra bærekraftig utvikling av regionen for alle: innbyggjarar og besøkande i Sognefjorden.
- Identifisera og utnytta moglegheitene som ligg i ei brei verdiskaping – setja felles målsetting
- Etablera/forsterka nettverk og kommunikasjonslinjer (offentlig og private) på tvers av bransjar

Me gler oss og ser fram til at de kjem på besøk til den vakre bygda vår. Harald N. Offerdal, ordførar



# Program

**Kl. 09:30-10:00**

Rigging av elevbedrifter

**Kl. 10:00-10:30**

Opningsarrangement

**Kl. 10:30-14:00**

Innovasjons-camp økt,  
besøke stand

**Kl. 14:00-14:45**

Avslutningsarrangement:  
Plenumsforedrag  
Premieutdeling

**Kl. 14:50-55**

Vel heim



Foto: Jørgen Hundseth



Foto: Jørgen Hundseth



Foto: Jørgen Hundseth

### Føredragsholdar: Draumejobben - kvar som helst

På messa får du møte tre unge grunderar, som på kvar sitt vis har skapt eit levebrød med rotfeste i Balestrand. Dei vil ha fokus på mogelegheitene som ligg på ein kvar plass, berre du har fokus på det skapande. Dei fortel korleis sin veg til draumejobben har vore.



## SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei 9 kommunane i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd jobbar for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom annan gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn. Messa i Balestrand er den 10. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og årets vertskommune arrangerer for ungdomskulane i Sogn.



Ei stor takk til våre sponsorar!